

Referat frå soknerådsmøte i Moster (AU i Moster)

måndag 23.03. 2020 kl.09.30.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit og Aksel Lygre.

Grunnlag for slik sakshandsaming: Basert på tilbakemeldingar frå soknerådet og råd frå styringsmakter, forstår me det slik at AU fungerer som vedtaksorgan for soknerådet, i analogi med fullmakter for sommarferien. Me vil be om at alle som kan, er tilgjengelege på telefon og messenger på oppsett tidspunkt. Kom òg gjerne med innspel før møtet.

Andakt ved Gunnvald. Han las frå Jes 7,14 og bad for møtet, kyrkjelyden og den utfordrande situasjonen i landet vårt med koronasmitte.

Sak 17 – 2020 Godkjenning av møtebok frå 18.02.20 og av innkalling.

Møtebok og innkalling vart godkjende utan merknad. Det var ikkje kome inn merknader eller framlegg til saklista frå dei andre medlemmene i soknerådet. Gunnvald Bjotveit vart vald til referent av møtet.

Sak 18 – 2020 Kyrkjelyden sitt årsmøte.

Vedtak: Soknerådet har teke rekneskapsrapportane til vitande, og lagt årsrekneskapen inn i årsmeldinga. Årsmeldinga og budsjettet er godkjent. For offentleg innsyn legg me ut årsmelding, rekneskap og budsjett på kyrkja si heimeside, og opnar for innspel fram til og med 2.april. Ordinært årsmøte vert avlyst.

Sak 19 – 2020 Oppfølging av tidlegare saker.

I trusopplæringsutvalet er det framleis litt for få medarbeidarar. Så dersom nokon har framlegg på namn til dette utvalet, som ikkje er spurde før, så meld dette inn til Aksel.

Innkalling av kyrkjemusikalsk utval må utsetjast til vi har ordinært soknerådsmøte.

Oppnemning av nokon som sender foto og tekst til heimeside til Kyrkja vert utsett på same måten.

Sak 20 – 2020 Måling og anna vedlikehald av Moster kyrkje.

Synfaring utført. Manglande takheller og diverse skadar elles er påvist.

Vedtak i førre møte: Soknerådet går inn for kyrkjevevja sitt forslag: Synfaring med fellesrådsleiar og kyrkjevevje og representantar frå soknerådet, for å avdekkje arbeidsomfanget. Deretter må det lysast ut til anbod. Soknerådet ynskjer å gjere merksam på at jobben vert gjennomført utan å ta omsyn til budsjettposten som Fellesrådet har til vedlikehald.

Vedtak: Soknerådet vil følgja saka vidare. Vi reknar med at måling og vedlikehald på Moster kyrkje vert effektivisert så snart som mogeleg.

Sak 21 – 2020 Kirkens Nødhjelp – aksjonen vert digitalisert.

Vedtak: KN-aksjonen vert digitalisert og administrert frå Bømlo kyrkjekontor. Info om KN-aksjonen vert gjeve på facebook, kyrkja si heimeside og i annonse i Bømlo - Nytt saman med pressemelding. På Vipps vert det registrert kva sokn pengane kjem frå. Me nyttar Vipps som løysing her hjå oss.

Sak 22 – 2020 Konfirmasjon utsett grunna koronavirus

Vedtak: Soknerådet utset konfirmasjon 8. og 9. mai i samråd med tilrådingar frå kyrkja sentralt og i samråd med lokal kyrkjestab. I samråd med kyrkjestaben kjem ein attende til nye datoar, truleg månadsskifte august/september.

Sak 23 – 2020 Innrapportering av behov frå sokneråd til fellesråd

Me har teke imot e-post frå kyrkjeverje om trong for vedlikehald og investeringar i Moster sokn for 2021.

Vedtak: Kvart medlem i Moster sokneråd vert beden om å tenkja nøye gjennom kva dei har sett eller tenkjer må gjerast i budsjettåret 2021. Ta dette med til fyrste ordinære soknerådsmøte.

Sak 24 – 2020 Referat og meldingar

- **Dugnadskonsert 22.03 for nytt orgel er avlyst, og dei som ynskjer det, får betalt attende billettengar.**
- **Orgelkomiteen: Det vert vist til mail frå orgelkomiteen. Lagd ved dette referatet.**
- **Frå fellesrådet: Ikkje møte sidan sist.**
- **Siste møte i jubileumskomite vart avlyst.**
- **Konfirmantgudsteneste og fest går ut 26.april.**
- **Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre: Møtet med Øyvind Benestad 19.03. vart avlyst.**

Pengar som kjem inn på Vipps på fellesgudstenestene i Bremnes kyrkje som vert strøyma, går til alle sokn i samsvar med fordelingsnøkkelen.

Vitjinga frå Estland 13. – 16.03. vart avlyst. Slik situasjonen er med koronasmitte, er det uvist om det vert sommarleir 2020.

Institusjonsgudstenester er avlyste. Soknebod skjer etter strenge sikkerhetsreglar.

Innmelding i Sunnhordland prostiråd er gjort. Sjå sak 11 – 2020.

Teaterframsyning 16.04. kl.19.00 i kyrkja vert avlyst.

Fastsetjing av datoar og stad for temakveldar vert utsett.

Fastsetjing av datoar for opplesing av bibeltektar vert utsett.

Sak 25-2020 Ope kyrkje og stimulering av bibellesing.

Vedtak: Aksel tek spørsmålet om ope kyrkje opp til vurdering i staben ved kyrjekontoret. Mogeleg alternativ med ope kyrkje i Moster to gonger i veka, ein føremiddag og ein kveld i møte med prest. Kyrkja må freista finna måtar å møta folk på når alt elles er stengt ned.

Oppmoding på facebook om å lesa sundagens tekstar og å dela med andre kva setning som tala til den eine. Mogeleg opplegg med ein bibeltekst kvar dag på facebook for å stimulera til bibellesing i ei tid med nedstengde kyrkjer og avlyste møte.

Gunnvald Bjotveit
referent